

Pressemelding:

# HOLMGANG OM NORSK ROVDYRFORVALTNING

MARTIN LINGE HUSET I VALLDAL 14. JANUAR 2019!

Den 14. januar 2019 er det dukka for toppmøte om norsk rovdyrforvaltning på Martin Linge huset i Valldal. Det er 6 utmarkskommunar i Møre og Romsdal som har tek initiativet til ein regional konferanse med hovudfokus på jerveplagene ein opplever i regionen.

Stortinget har gjennom dei såkalla rovdyrforlika fastsett bestandsmål for dei store rovdyra i Noreg og overlete til ulike forvaltningsorgan å regulere bestandane i samsvar med stortinget sine vedtak. I lang tid har det blitt hevda frå kommunar, bønder og landbruksorganisasjonar at bestandane har vakse langt ut over det som stortinget gar bestemt. Dette har skapt frustrasjon, sinne og fortvilning, og nyleg samla halvparten av alle ordførarar i landet seg om ei felles fråsegn til statsministeren og regjeringa der dei ba om at konflikten vert løyst.

I M&R er det jerven som er hovudproblemet. I Trøndelag og nord Noreg er det bjørnen som tek mest småfe, medan det i Hedmark og Oppland er ulven som gjer at mange bønder etter kvart gir opp. Problema er likevel analoge uavhengig av rovviltart. Konferansen i Valldal vil likevel ha hovudfokus på jerven som herjar i alle kommunane som står bak dette initiativet, dvs. Norddal, Stranda, Rauma, Nettet, Sunndal og Surnadal.

Når bønder avviklar drifta går arbeidsplassar tapt, kulturlandskapet gror att og folketalet går tilbake. Dette er kritisk i mange grender og gir grunn til sterk bekymring blant lokalpolitikarar i kommunar der landbruket er ein grunnpilar i næringsliv og sysselsetting. Utmarkskommunenenes sammenslutning, som organiserer om lag 100 kommunar i Noreg, er og sterkt opptekne av dette problemet og vil vere representerte på konferansen i Valldal i januar med advokat Stein E. Stinessen (advokatfirmaet Lund & Co).

Til den opne konferansen i Valldal kjem alle aktørar med toppa lag for å diskutere konkrete tiltak som kan dempe den tilspissa konflikten. Frå stortinget møter Per Olav Lundteigen, og frå ansvarleg departement, dvs. klima og miljø, møter avdel. Dir. Torbjørn Lange. Frank Sve møter både i kraft av medlem i rovviltutvalet og som fylkespolitikar i M&R. Vidare vil miljødirektoratet delta saman med heile den regionale rovviltneimnda i reg. 6 med Gunnar Alstad i spissen. I tillegg møter Statens naturoppsyn og fylkesmennene og mattilsynet.

Beitenæringa vil vere breitt og sterkt representert både med innlegg og i paneldebatten. Sentrale personar er m.a. styremedlem i Norges Sau og geitalvslag Pål Kjørstad, styreleiar i M&R bondelag Oddvar Mikkelsen og styreleiar i Ulvådalen beitelag Marianne Hunnes Gaustadnes.

Samlinga er ein dagskonferanse som er open for alle som er interesserte i dyrevelferd, rovdyrforvaltning og bygdeutvikling. I beste fall kan denne konferansen bidra til utvikling av ny politikk på eit område som vekkjer sterke kjensler i fleire leirar. Det er forventna høg temperatur i ein debatt der salen og får delta.

NRK profil Geri Helljesen vil leie konferansen der ein av Noregs flinkaste naturfortografar, Vegard Løddøn, vil vise fram utstoppa jervar og flotte naturfoto på film.

For fleire opplysningar, program og påmelding kan ein gå inn på heimesida til Norddal kommune.

For arrangøren Arne Sandnes – ordførar i Norddal